

M/S THEKLA -

Båten som gjekk i lufta

Det mest dramatiske og tagiske som hendte i Sunnfjord-distriktet etter kapitulasjonen i mai 1945, var eksplosjonen på Stavfjorden utanfor Florø 1. september 1945.


For Sentrum Nov 1995
Inger C. Stridsklev

Sundag 2. september 1945 kom det ei fælslig melding på radioen, som gjorde mange, ikkje minst pårørende forskrekte. Meldinga kom i avisene dagane etter. Dette var i mange høve det einaste viset familieane vart varsla på. Dei har ikkje fått visst stort meir seinare heller. I "Firda" sto tysdag 4. september 1945 på fyrste sida: "Fælslig eksplosjon ved Florø laurdag" 2 nordmenn, 1 engelskmann, 10 nasistar og 6 tyskarar drepne.

Laurdag hende ei fælslig ulykke ved Florø: På Florøylandet ligg lagra ein heil del tysk ammunisjon, og då det er føresetnad at denne skal kastast på sjøen, var der kome ein lektar til Florø for å føra ammunisjonen frå byen ut på fjorden.

Til sovore arbeid vert nytta tyskarar. Det er dei som har drega ammunisjonen til landet og det er rimelig at dei også må fjerne han sjølv. Men då det er for lite tyskarar i Florø, vart nokre nazistar som sit i fangenskap sette til arbeidet med å få ammunisjonen ombord i båten. Det er ein engelsk offiser som har overoppsynet med arbeidet og dessutan ein norsk soldat med som vakt. Laurdag kl. 14.30 la lektaren frå bryggja i Florø og gjekk sørover mot Stavfjorden. Då lektaren låg ved oddane straks innfor Tansøy, høyrde folk ein fælslig eksplosjon ombord i lektaren, som sokk på augneblinken. Nokre båtar som låg i nærleiken gjekk straks til ulukkestad, men då var det berre nokre fjøler som flaut på sjøen. Ombord på lektaren var ein engelsk offiser, ein ung gut frå Bergen som fungerte som tolk, og den norske soldaten som heldt vakt, Andreas Hesjedal. Og dessutan 10 nasistar og 7 tyskarar. Alle miste livet. Det er ei syrgjelig ulykke som kosta 20 menneske livet.

Andreas Hesjedal var frå Eikefjord. Han var i 28-års alderen. Far hans er i Amerika, so det er mor hans som har styrt garden heime i Langedalen i fleire år. Andreas var den som dreiv garden no. Han var ugift. Ein eldre bror har garden i Ramsdalen. Ellers er dei fleire syskin. Andreas var med i krigen i Valdres og no var han utkommandert til teneste i 4. vaktbataljon. Han var ein uvanelig gild og kjekk gut. Han får dei aller beste lovord som kamerat og hans overordna har berre godt å seie om honom - eit offer for fedrelandet.



M/S Thekla ved kai i Florø etter frigjerings. Båten gjekk i lufta med 19 mann ombord i september '45.

Derpå vert nama og bustaden til dei 10 "Nasistane" nemnt. Ein var frå Eikefjorden, same bygda som Andreas Hesjedal var frå. Ein var frå Førde, tre frå Hornindal, to frå Måløy, ein frå Sandane, ein frå Svanøybukt og ein frå Stord.

"I gård kom ein komisjon frå Bergen til Florø som skal granske årsaka til ulykka med meir.

Arbeidet med sovoren transport og nedsøkking av ammunisjon vert ikkje rekna for noko sers uvaneleg færlig arbeid. Den engelske offiseren som srauk med denne gongen, har drive med sovore arbeid langs kysten i fleire månader utan det minste uhell. Det vert nok urå å få klårleik i årsaka til ulykka denne gongen."

Det fyrste som ikkje er heilt rett i dette, er at dei berre var 6 tyskarar. I andre aviser frå denne tida, at den sjuande kanskje var fagmann på ammunisjon. Men desse 6 tyskarane kjende ikkje til ammunisjon. Den einaste yrkesgruppa som slapp unna det militære i Hitlers tredje rike, var sjøfolka i handelsflåten. Tre av desse sjøfolka, mellom dei kapteinen, kom frå den vesle byen der motorlektaren "Thekla" kom frå, Haren ved elva Ems, nær den Hollandske grensa. Båten var bygd for å trafikere elvane i Europa, men kunne og gå i ope farvatn. Den var 34 meter lang, og 6,34 m breid. Den hadde eit lasterrom med to luker, og ei motordrivne kran som kunne løfte eit tonn. M/S Thekla var ordrå til Noreg omlag eit år tidligare, til varefrakt langs norskekysten. Etter frigjeringsfrakta dei båten tyskarar til Bergen. Derifrå vart dei frakta vidare til Tyskland. Mannskapet nytta høvet til å helse til familien heime og seia at dei var komne heile gjennom krigen. Mange skip vart søkt utafor Noreg av dei allierte den siste krigsvintern.

Om fangane var nasistar kan det og vere tvil om. Før krigen kunne NS-folk protestera mot den nemninga på dei. Det var kan hende verre for dei å gjere det i okkupasjonstiga. Sidan har dei snaut hatt høve til å kommentera saka. Dessutan, to av dei ti står ikkje i landsvikeregisteret. Det tydar på at dei ikkje ligg føre noko skuldning mot dei. dei var heller ikkje medlemmer av NS. Ein av desse hadde tyskarane sendt som gissel til Grini etter Måløyraidet. Men dei var alle i "varetekt". Sakene deira var ikkje ettertrøtte. Dei som omkom var mellom 17 og 69 år. Tre, ein frå kvart land, var gifte og hadde born.

Laurdag 14. 9. 1945 sto vidare i "Firda": -Den farlege ammunisjonen i Florø blir fjerna. Byens befolkning vart evakueret, men kom tilbake i går. Florø har vart oppskaka av to eksplosjoner på ganske kort tid. Det er rimelig at byens befolkning tok til å bli nervøse. Det er ikkje hyggeleg å ha denne ammunisjonen liggande i byen, og òs næraste omegn. Særleg har eit lager på 112 tonn ammunisjon og sprengstoff på Fugleskjærkaia voldt meget engstelse. En eksplosjon her ville jo rasere heile byen. Fra politikammeret blei det nylig gjort henvendelse om saka til Major Ese i Førde og denne henstilte til sjefen for dei allierte i Bergen om at ammunisjonen i Florø blei fjerna øyeblikkelig. Nu torsdag kom ein båt til Florø for å avhende ammunisjonen og senke den i havet ein eller annan stad på kysten. Då det var stor fare for at den kunne eksplodere under transporten og lastinga ombord i båten, oppfordrer politimesteren byens befolkning til frivillig evakuering. Denne henstillingen blei i stor utstrekning imøtekome. Forretningane og skulene vart stengde, og vaksne og born tok innover til gardane og vart plassert på beste

måte. Ein del vente tilbake for å overnatte i byen. På lageret i Fugleskjærskai var det i all fall 4-5 kasser med meget eksplosive saker. Desse er no kome ombord, og etter som ryktet seier skal desse kassane senkast på ein av de djupaste stader i Nordfjorden, eller i Sognefjorden. Folket i byen pusta letta ut og håpa at no må her være slutt på dei uhyggelege eksplosjonene. Det må også være nervepirrende dagar for karane som arbeider med ammunisjonen. Det er norske soldater ved kystartilleriet og tyskere som har jobben. Hendingane i Florø vart og omtala i radio, evakueringa av Florø vart nemnt i aviser landet over. Ammunisjonen og oppdraget ser likevel ikkje ut til å ha vore heilt utan risiko.

M/S Thekla hadde gått ut fra nettopp Fugleskjærkaia, dit fangane måtte bringe ammunisjon frå alle tenkelege lagringsplassar

Laurdag 13. oktober sto dette i Firda: *Florø ulykka vil aldri verte oppklart.*

-Kaptein Fisher ved D.K.V. i Bergen har opplyst at ein ikkje har funne årsaka til eksplosjonsulykka i Florø. Det har vore dreve etterrøykinga, men det har vore vondt å finna noko fast haldepunkt, sidan det ikkje er nokon i live av dei som var med.. Det vart sette ein militær forhøyringsrett i Florø og i denne var det både norske og engelske ammunisjonseksperter. Dei har teke opp forklaring av dei som var i land og organiserte arbeidet. Men, det har ikkje kome noko nytt for dagen under forhøyra. Det som er færligast ved slike transportar, er nettopp når ammunisjonen vert senka ned i havet, fortel kapteinen. Ein kasse kan slå mot skipssida, og dermed kan det vere hendt. Fordi at dette er det færligaste er det ein brukar tyskarar og landsvikfangar til arbeidet. Det var mange sortar ammunisjon i lasta og det

ville vore interessant å få greie på kva sort det gjekk gale med. Då kunne ein vore førebudd til ein annan gong, men no veit ein like lite, sluttar kapteinen."

Dei som er spurde, er dei som skulle leie arbeidet, og som var ansvarlig for handsaminga av ammunisjonen. Dei spurde ikkje dei fangane som hadde vore med på innlastinga, men som ikkje blei med ut.

Kan det vere rett at ein ikkje viste kva sort ammunisjon det gjekk gale med? Kvifor hadde Florø da vore evakuert? Kva med dei "4-5 kassane med farlig eksplosive saker" nemnt i avisa 14.9.1945? Det skal ikkje ha vore tysk ammunisjon, men ammunisjon tyskarane hadde teke frå motstandsørsla. Det var nitroglycerin. Ikkje alle som var med å laste båten, vart med ut. Fangane, kan hende utenom eit par frontkjempar som og var fangar, kjende heller ikkje til sprengstoff. Bror til ein frontkjempar som og var fange, spurde bror sin om han skulle be om å komme med ut. Dei ynskte å ha med ugift karar. Broren sa det var nok at ein av dei gjekk med.

Denne frontkjemparen skjøna vel at han knappast kom att frå ei reis i ein båt der det flaut nitroglycerin i botnen. Nitroglycerin kan tenna seg sjølv, om det er ristingar. Og dønningar er det oftast på Stavfjorden. Korleis kan det ha seg at denne båten i det heile gjekk ut? Ein sersjant Østby skal ha gjeve ordre om at fangane måtte vere med, både å laste båten og dumpe ammunisjonen. Slikt var korkje båtmannskapet eller fangane vane med. Det var dei allierte som kravde at alt tysk krigsmateriell skulle kastast. Difor var det og ei gruppe på tre engelskmenn med. Leieren, eksperten, som vart med Thekla, visste korleis ein skulle hansame sprengstoff og ammunisjon. Han hadde vore med på å sende våpen til motstandsfolk til dei okkuperte landa. Men han hadde vore sjuk. Dei trudde det var difteri. Då båten skulle gå ut, vert det sagt at alle som kunne trakk seg unna. Den engelske offiseren som var høgast i rang, måtte bli med ut. Lektøren ville nekta han, men offiseren såg det vel som si plikt. Om nokon kjener mannen, og har noko og fortelje om han, vonar eg å få vite det. Det same gjeld sesjant Østby og dei som har sett Thekla på hennar ferd i norske fjordar i året før ulykka. Mykje er uklårt i denne saka. Resultatet frå etterrøykinga til den norske/allierte undersøkkingskommisjonen fins ikkje nokon stad, heller ikkje i England. Kan hende veit me meir enn det var skrive der. Kan hende ligg ei misaktning av menneskeverdet i botnen av denne ulykka. Dei fleste som mista livet var tyskarar og "nasistar", og engelskmannen var jøde